



## Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

# *Heiplanen*



*Ungdomen og framtida i heia. Foto Eirik Schøien*



*Ungdomstur i Suldalsheiane. Foto: Helen Adamson.*

## Handlingsprogrammet 2020-2023

**Fylkestinga** i Vestfold og Telemark, Agder, Rogaland og Vestland fylkeskommunar har godkjend handlingsprogrammet 2020 – 2023 og sikra eit økonomisk og administrativt *spleislag* for å få gjennomført prosjekta og tiltaka i handlingsprogrammet. Samrøystes vedtak i alle fylkestinga.

#### FT Vestfold og Telemark fylkeskommune, 16. juni sak 78/20

Vedtak:

1. Vestfold og Telemark fylkeskommune godkjenner Heiplanens handlingsprogram for 2020 – 2023
2. Vestfold og Telemark sine andeler av finansieringen for 2021, 2022 og 2023 vurderes i prosessen med budsjett og økonomiplan for perioden 2021 – 2024.
3. Vestfold og telemark fylkeskommune vedtar å bevilge sin andel av finansiering av tiltak for 2020. Beløpet på kr.200.000,- dekkes inn over budsjett for sektor Samfunnsutvikling, internasjonalisering og klima.
4. Vestfold og Telemark fylkeskommune forutsetter at fylkeskommunene Vestland, Rogaland og Agder fatter likelydende vedtak som pkt. 1, pkt. 2 og pkt. 3 første setning.
5. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil legge vekt på forankring av handlingsprogrammet i vertskommunene. VTFK vil legge vekt på tilgjengeliggjøring og formidling innen hver av de fire satsingsområdene i handlingsprogrammet, overfor allmennheten og særlig barn og unge.

#### FT Agder fylkeskommune, 16.juni sak 84/20

Vedtak:

1. Fylkeskommunen godkjenner handlingsprogrammet 2020 – 2023 til Heiplanen. Fylkeskommunes egenandel for 2021, 20200, og 2023 innarbeides i de årlege budsjettene og i økonomiplanen.
2. Fylkeskommunen vedtar å bevilge sin egenandel fro 2020. For Agder fylkeskommunen er beløpet kr.250.000. Beløpet tas innenfor årets ramme på avdeling for Bærekraftig utvikling.
3. Agder fylkeskommune forutsetter at Rogaland, vestfold og Telemark og Vestland fylkeskommuner fatter likelydende vedtak, som i pkt.1 og pkt. 2 første setning.

#### FT Rogaland fylkeskommune, 16. juni sak 56/20

Vedtak:

1. Rogaland fylkeskommune godkjenner handlingsprogrammet til Heiplanen datert 30. april 2020 for perioden 2020- 2023.
2. Rogaland fylkeskommunes egenandel for 2021, 2022 og 2023 vurderes i de årlege budsjettene og i økonomiplanen. For Rogaland fylkeskommune betyr dette å innarbeide kr. 192.000 i 2021, kr. 160.000 i 20200 og kr. 163.000 i 2023 i budsjettene og økonomiplanen, i tillegg til de kr. 200.000 som allereie er satt av årlig i økonomiplanen 2020 – 2023.
3. Rogaland fylkeskommune har satt av sin egenandel på kr. 200.000 i 2020 og forutsetter At de andre fylkeskommunene setter av sin egenandel for 2020.
4. Rogaland fylkeskommune forutsetter at fylkeskommunene Vestfold og Telemark, Agder og Vestland fatter likelydende vedtak, som i pkt.1, pkt.2, første setning og pkt. 3 første setning.

#### FT Vestland fylkeskommune, 9. juni sak 56/20

Vedtak:

1. Vestland fylkeskommune godkjenner handlingsprogrammet til Heiplanen datert 30. april 2020 for perioden 2020- 2023.
2. Vestland fylkeskommune sin eigenandel for 2021, 2022 og 2023 vert innarbeida i dei årlege budsjetta og i økonomiplanen. For fylkeskommunen betyr det kr. 50.000 årleg i 2021, 2022 og 2023.
3. Vestland fylkeskommune sin eigenandel i 2020 er kr. 55.000 og vi forutset at dei andre fylkeskommunane set av sine eigenandelar for 2020.
4. Vestland fylkeskommune forutset at fylkeskommunane Vestfold og Telemark, Agder og Rogaland fattar likelydande vedtak, som i pkt.1, pkt.2, første setning, og pkt. 3.

## INNLEIING

Det som ligg til grunn for handlingsprogrammet 2020-2023, er:

- Ei vurdering av gjennomføringa av handlingsprogrammet 2015-2018. Vurderingane er samla i dokumentet dagsett 15. august 2019, *Handlingsprogrammet 2015-2018 til Heiplanen. Status og vurderingar av gjennomføringa*.
- Ein arbeidsverkstad november 2018 med representantar frå reiselivsnæringa, turistforeininga, forvaltinga og kommunane.
- Høyringsinnspeil.


Føremålet med handlingsprogrammet er å gjennomføra konkrete tiltak og prosjekt for å oppfylla intensjonane til Heiplanen. Handlingsprogrammet er ein integrert del av regionalplanen og skal vera mest mogleg konkret når det gjeld økonomiske ressursar og arbeidsressursar, tid og ansvar. For å sikra økonomiske ressursar til å gjennomføra konkrete tiltak og prosjekt skal handlingsprogrammet leggast til grunn for dei årlege budsjettetthandsamingane og økonomiplanlegginga i fylkeskommunane, jf § 8-1 i plan- og bygningslova. Trongen for rullering og revisjon av handlingsprogrammet skal vurderast årleg. Det er fylkestinga som godkjenner handlingsprogrammet.

## HEIPLANEN

Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, korta til Heiplanen, blei vedtatt av fylkestinga i Telemark, Aust- og Vest Agder, Hordaland og Rogaland våren 2012. Heiplanen omfattar Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei som er to av dei ti nasjonale villreinområda i Noreg. Miljøverndepartementet stadfesta regionalplanen våren 2013.

Heiplanen er eit omforeint politisk styringsdokument og retningsgjevande for statlege styresmakter, fylkeskommunane og kommunane.

Heiplanen omfattar etter regionreforma 2020 fylkeskommunane Vestland, Rogaland, Agder og Vestfold og Telemark. Det er 17 kommunar som har areal i Heiplanen. Etter kommunereforma er Forsand og Sandnes kommunar slått saman til Sandnes kommune og Odda kommune er slått saman med kommunane Jondal og Ullensvang til Ullensvang kommune.



Kommunane med areal i Heiplanområdet.

## FØREMÅLA TIL HEIPLANEN



Gjennomføringa av Heiplanen skal legga til rette for funksjonelle og samanhengande leveområde for villreinen og ei berekraftig bygde- og næringsutvikling.



Funksjonelle leveområde for villreinen. Foto: Odd Kvinnen.



Levande bygder og lokalsamfunn. Her Vallebygda. Foto: Anders Martinsen fotografer.



Kartet viser samanhengen mellom heiplanområdet og verneområda i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Heiplanområdet blir forvalta i medhald av plan- og bygningslova, og verneområda blir forvalta i medhald av naturmangfoldlova av verneområdestyret, korta til SVR.

## HANDLINGSPROGRAMMET 2020-2023

### SATSINGSMRÅDA


1. BYGDE- OG NÆRINGSUTVIKLING
2. HEILSKAPLEG AREALFORVALTING
3. KOMMUNAL PLANOPPFØLGING
4. KUNNSKAPSBASERT PLANLEGGINGOG UTVIKLING

Satsingsområda over er forankra i Heiplanen. Tidlegare satsingsområde *Varslingsrutiner* er ikkje lenger med. Grunnen er at det er etablert eit prøveprosjekt med adaptiv løypeforvalting av skiløyper i Bykle kommune.


### SKILDRING AV KVART ENKELT SATSINGSMRÅDE

#### 1. Bygde- og næringsutvikling

Her er det tre prioriterte fokusområde. Det eine fokusområdet er *Tettstadutvikling*. Attraktive tettstader i distrikta spelar ei rolle for busettinga, sysselsettinga, bygde- og næringsutviklinga og reisemålsutviklinga og er ein av dei grunnleggjande føresetnadene for at bygdene skal vera gode stader å leva, bu, gjesta, arbeida og driva næring. Grende- og bygdesentra kring dei nasjonale villreinområda i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, kor attraksjonskrafta kan spela på nærlieiken og kvalitetane til desse, kan medverka til ei berekraftig verdiskaping og næringsutvikling i bygdene. Satsinga på attraktive tettstader kring dei nasjonale villreinområda i Setesdalsheiane kan samanliknast med satsinga på nasjonalparklandsbyar kring nasjonalparkane.



Ordføraren i Lom kommune på Heiplansamlinga 2019. Foto: Sissel Bakke.



Distriktsenteret og Roar Vangsnes fortel om korleis få til den breie verdiskapinga basert på natur- og kulturressursar på Heiplansamlinga 2019. Foto: Sissel Bakke.

Det andre fokusområdet er *Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv som ressurs i reisemålsutviklinga og bygdeutviklinga*. Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv gir bygdene sær preg og er ressursar i verdiskapinga og bygdeutviklinga.

Kulturminna og kulturlandskapa i og ikring Setesdalsheiane er historiske teikn på bruk av naturressursane som næringsgrunnlag for bygdene. Dette gjeld både fysiske spor i landskapet og handverk, mat, historier og andre tradisjonar knytt til heia. Kulturarv er både den immaterielle kulturen i form av segn, tradisjonar og jakthistorier, og den materielle kulturen i form av dyregraver, bågasteller, jakthytter, jaktvåpen m.m. er .



Dyregrav på austsida av Hovatn. Foto: Odd Inge Worsøe.

Det tredje fokusområdet er *Berekraftig beitebruk*. Dette er eit av delmåla i Heiplanen, samstundes som ei berekraftig utnytting av beiteressursane i er forankra i:

- Landbruksstrategi for Agder 2019-2022
- Regionalplan for landbruk i Rogaland
- Forvaltingsplanen for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiene.



Sauene på veg til heis. Foto: Sissel Bakke.

BYGDE- OG NÆRINGSUTVIKLING	SKILDRING	ØKONOMI	TID	HOVUDANSVAR
1.1 Tettstadutvikling	<p><b>1.1.1 TILTAK:</b> Oppretta ei regional stønadsordning for kommunane med areal i Heiplanområdet kalla <i>Attraktive tettstader i bygdene</i>.</p> <p>Miljødirektoratet støttar tiltaket med kr. 700.000 frå det nasjonale programmet <i>Villreinfjellet som verdiskapar</i>. Dei set krav om 50% finansiering frå fylkeskommunane. Den økonomiske støtta frå Miljødirektoratet gjeld for budsjettåret 2020. Det skal gjennomførast ei evaluering av ordninga etter 2020 for å vurdera om støtteordninga skal halda fram i heile programperioden. Me kan ikkje venta å få eksterne midlar frå Miljødirektoratet etter 2020. Det skal utarbeidast retningsliner for støtteordninga som skal politisk godkjennast. Rogaland fylkeskommune skal forvalta støtteordninga gjennom søkjar- og rapporteringsportalen <a href="http://www.regionalforvaltning.no">www.regionalforvaltning.no</a>.</p>	1,4 mill. i 2020 700' Miljødir. 700' FK  2021–2023 700' * 3 FK Arbeidsinnsats	2020-2023	Heiplansekretariatet har ansvaret for å få på plass retningsliner, informasjon og oppfølging av kommunane.
1.2 Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv som ressurs i reisemålsutviklinga og bygdeutviklinga	<p><b>1.2.1FORPROSJEKT:</b> Kartlegga og gjera ei vurdering av om det er mogleg å legga til rette for historiske vandreruter mellom aust og vest.</p> <p><i>Historiske vandreruter</i> er eit nasjonalt satsingsområde og eit prosjekt kor Riksantikvaren, RA, og turistforeininga sørger for at gamle ferdselsårer blir kjend for sin unike kulturarv og får nytt liv som attraktive turruter. Forprosjektet skal vurdera om det er mogleg å legge til rette for historiske vandringsruter som ikkje er i vesentleg konflikt med villreinen sin arealbruk. Det skal vera med villreinfagleg kompetanse i prosjektgruppa.</p> <p>Om forprosjektet viser at det er mogleg å legga til rette ei eller fleire historiske vandreruter, skal det setjast i gong eit prosjekt med praktisk tilrettelegging med merking og formidling. Det blir tidlegast aktuelt i 2023. Finansiering vil då bli vurdert i samband med budsjetthandsaming i fylkeskommunane.</p>	Arbeidsinnsats	2021-2022	Rogaland FK

	<p><b>1.2.2 SVR -PROSJEKT:</b> Prosjektet skal utvikla ein brukarvenleg database med ei kartlysing med kulturminne og villrein som hovudtema. Det er eit av delprosjekta i prosjektet <i>Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjellet</i>. Føremålet er å utarbeida verktøy som gjer at reiselivsnæringa har lett tilgang til kunnskap om villreinen og kulturminne og kan bruke dette til ei vidareutvikling av reiselivsprodukta. Prosjektet skal formelt avsluttast ved årsskiftet 2020/2021.</p> <p><b>1.2.3 FORPROSJEKT:</b> Vestland og Rogaland fylkeskommune samarbeider om eit forprosjekt kalla <i>Kraftturisme – opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet</i>. Forprosjektet skal vurdera om det er ein marknad for å satsa på kraftturisme og tilrettelegging av opplevingar i kraftlandskapet. Om forprosjektet viser at dette er noko å satsa på, skal det vurderast om fleire av fylkeskommunane og kommunane i Heiplanområdet skal koplast på i eit eventuelt hovudprosjekt. Det blir tidlegast aktuelt i 2021/22. Finansiering vil då bli vurdert i samband med budsjettetthandsaming i fylkeskommunane.</p> <p><b>1.2.4 TILTAK:</b> Arrangera eit dialogmøte med reiselivsnæringa. Føremålet er å kartlegge kva reiselivsnæringa har behov for og om det er ynskjeleg å etablera eit bedriftsnettverk for reiselivsverksemder rundt Heiplanområdet.</p>	Arbeidsinnsats	2020	SVR er prosjekteigar og koordinerer arbeidet og gjennomføringa.
		Arbeidsinnsats	2020	Vestland FK er prosjekteigar.
	<p>50'</p> <p>Arbeidsinnsats</p>	2021	Agder FK	

1.3 BEREKRAFTIG BEITEBRUK	<p><b>1.3.1 TILTAK:</b> Arrangera eit nettverksmøte saman med beitenæringer, forskinga- og verneområdeforvaltinga. Føremålet er å kopla aktørane og avklara problemstillingar, kunnskapsbehov og aktuelle prosjekt/tiltak.</p> <p><b>1.3.2 TILTAK:</b> Samle kunnskap og få ei oversikt over kunnskapsstatus om beitebruk, beitetrykk og beiteressursar i Heiplanområdet.</p> <p><b>1.3.3 TILTAK:</b> Arrangera årlege dialogmøter med beitenæringer. Bondelaga i Agder og Rogaland seier hovedtema for slike møter bør vera korleis me i fellesskap kan medverka til ei berekraftig, effektiv og lønsam utnytting av beiteressursane i heiane og få avklart og finna løysingar på eventuelle interesseomsetnader.</p>	VRI (Verkemiddel for regional innovasjon, FORREGION) Arbeidsinnsats  Arbeidsinnsats  50'*3 Arbeidsinnsats	2020  2021  2021-2023	FM i Rogaland, landbruk og Rogaland FK.  Arbeidsgruppa for <i>Berekraftig beitebruk</i> .  Arbeidsgruppa for <i>Berekraftig beitebruk</i> .
---------------------------	--	--	-----------------------------------	---

## 2. Heilskapleg arealforvalting

Ei heilskapleg arealforvalting av Heiplanområdet krev politisk engasjement, samsnakkning, samordning og samarbeid over fylkes- og kommunegrensene og mellom lokale, regionale og statlege forvaltingsorgan. Heia skal både vera eit leveområde for villreinen og eit næringsgrunnlag/ressursgrunnlag for levande bygder og lokalsamfunn rundt heiane. Det er kommunane som har hovudansvaret for å legga til rette for samfunnsutvikling, næringsutvikling og verdiskaping med utgangspunkt i ressursgrunnlaget.



Ordførar i Hjelmeland kommune og leiar av verneområdestyret Bjørn Laugaland saman med leiar i villreinnemnda Margit Smeland. Heiplansamlinga 2019. Foto: Sissel Bakke.

HEILSKAPLEG AREALFORVALTING	SKILDNING	ØKONOMI	TID	HOVUDANSVAR
2.1 Samarbeid, samsnakkning og samordning.	<b>2.1.1 TILTAK:</b> Årlege Heiplansamlingar. Heiplansamlinga er ein politisk, fagleg og sosial møteplass for alle aktørane i heiplanområdet. Ho er ein lærings-, samordnings- og samarbeidsarena på tvers av kommune- og fylkesgrenser og ein viktig politisk arena for å drøfta distrikts-, nærings-, utmarks- og arealpolitikk.	2020: SVR 50' 2021–2023: 50'*3 FK Arbeidsinnsats	2020-2023	Heiplansekretariatet koordinerer planleggingsarbeidet og programkomiteen. SVR skal ha ein administrativ representant i programkomiteen. Fylkeskommunane rullerer på å vera vertskap, og vertskapsfylket bør involvera eigne politikarar i planlegginga av samlinga.
2.2 Samla og gjera kunnskap om heiplanområdet og Heiplanen lett tilgjengeleg for alle.	<b>2.2.1 FORPROSJEKT:</b> Forprosjektet skal vurdera behova og nytteverdien av å samle kunnskap, saksdokument med meir knytt til Heiplanen og heiplanområdet i ein kunnskapsportal med ei kartløysing. Forprosjektet skal bruka resultata frå delprosjektet til SVR om ein kunnskapsportal om villrein og kulturminne, sjå punkt 1.2.2 i handlingsprogrammet.	Arbeidsinnsats	2021-2022	Agder FK

### 3. Kommunal planoppfølging



Berekraftsmåla. Heiplansamlinga 2019. Foto: Sissel Bakke.

Heiplanen er retningsgjevande for kommuneplanlegginga. Kommunane skal innarbeida omsynssonene i kommuneplanane. Før kommunane kan vidareutvikla hytte- og reiselivsområde som ligg i randområda til nasjonalt villreinområde skal dei ha utarbeidd sti- og løypeplanar. Mange av kommunane har allereie innarbeidd omsynssonene i kommuneplanane og har planar for turløyper i randområda. Målet er at dette skal alle kommunane i Heiplanområdet ha innan 2023. Kommunane vert oppmoda til å legge til retta for bygde- og næringsutvikling. Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging frå 2019, seier det breie berekraftsperspektivet; miljømessig, sosial og økonomisk berekraft, er ein premiss i all planlegging og utvikling. FN sine berekraftsmål skal leggjast til grunn.

KOMMUNAL PLANOPPFØLGING	SKILDRING	ØKONOMI	TID	HOVUDANSVAR
3.1 Planlegga og utarbeida ein plan for turløyper/stiar	<b>3.1.1 TILTAK:</b> Plan for turløyper barmark og snø i samanheng med utvikling av fritidsbustader og reiselivsanlegg som ligg i <i>omsynssone villrein</i> og/eller i område som ligg tett på <i>omsynssone nasjonalt villreinområde</i> . Planen kan vera som ein eigen kommunedelplan, inngå i ein overordna reguleringsplan for hytteområda eller integrerast i kommuneplanen.	Arbeidsinnsats	2020-2023	Kommunane FK-rettleiing SVR fram til årsskiftet 2020/2021–mobilisering
3.2 Innarbeida omsynssonene i Heiplanen i kommuneplanane	<b>3.2.1 TILTAK:</b> Kommuneplanlegging.	Arbeidsinnsats	2020-2023	Kommunane FK og Fylkesmennene-rettleiing
3.3 Bygde- og næringsutvikling	<b>3.3.1 TILTAK:</b> Kommuneplanlegging Det er kommunane sitt ansvar til å setja mål om levande bygder og prioritera bygdeutvikling og tettstadutvikling i kommuneplanane. Kommunane vert og oppmoda til å setja utmarkspolitikken på dagsorden i kommuneplanlegginga.	Arbeidsinnsats	2020-2023	Kommunane FK-rettleiing

## 4. Kunnskapsbasert planlegging og utvikling

All planlegging og utvikling skal vera kunnskapsbasert. Det er heimla i plan- og bygningslova og i naturmangfaldlova. Satsingsområde i perioden 2020–2023 er kunnskap om villreinen sin arealbruk og barrierar for funksjonelle og samanhengande leveområde. Det er kunnskap om friluftsliv og om kulturminne og kulturlandskap.

Det har vore GPS-merkeprosjekt på villrein i Setesdal Vesthei sidan 2006. Desse prosjekta har gitt oss eit godt kunnskapsgrunnlag for å avgjera avbøtande tiltak for funksjonelle og samanhengande leveområde for villreinen. Eit anna fokusområde er kunnskap om natur- og kulturressursane og ei berekraftig verdiskaping.



Frå avslutningsseminaret til GPS-merkeprosjektet i Setesdal Ryfylke, januar 2020

Leiar av verneområdestyret Bjørn Laugaland og forskar Olav Strand. Foto: Sissel Bakke.



Heia er folkehelse og friluftsliv. Hovatn mellom Ryfylke og Setesdalen. Foto: John Petter Nordbø.

A presentation slide featuring a quote in Norwegian about the project's goals, followed by a map of the area, and a list of three working groups. The quote discusses the project's aim to provide knowledge through management and mitigation measures. The map shows the location of the project area, and the list of working groups includes Bestandsforvaltning, Blåsjø, and Brokke.

KUNNSKAPSBAERT PLANLEGGING OG UTVIKLING	SKILDRING	ØKONOMI	TID	HOVUDANSVAR
4.1 Kunnskap om kulturminne, kulturlandskap, kulturarv, kulturmiljø.	<p><b>4.1.1TILTAK:</b> Registrera kulturminne og samla registreringane i <i>Askeladden</i>. Dette er eit nasjonalt kulturminneregister særskilt for automatisk freda kulturminne, men også for nyare kulturminne.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Oppdatera kulturminneregisteret. Det er gjort for Agderfylka og delvis for Rogaland.</li> <li>Kontrollregistreringar av dyregraver i Bykle kommune. Dette prosjektet varer fram til 2021.</li> <li>Kunnskap om den kulturhistoriske samanhengen til dyregravene. C14 dateringar</li> <li>Legga inn registreringane frå <i>Fleirbruksplanen frå 1993 for Rogaland og Telemark</i>.</li> </ul>	Arbeidsinnsats  Frå 2021: 28' per år	2020–2023	Arbeidsgruppa for <i>Kulturminne og kulturmiljø</i>
4.2 Kunnskap om friluftsliv	<b>4.2.1TILTAK:</b> Arrangera ein arbeidsverkstad for å få fram kunnskapsbehova innan friluftsliv.	50' Arbeidsinnsats	2021	Agder FK
4.3 Kunnskap om villreinen sin arealbruk og avbøtande tiltak	<p><b>4.3.1PROSJEKT:</b> <i>GPS-merkeprosjekt på villrein i Setesdal Austhei og Brattefjell-Vindeggen, 2018 – 2022.</i> Hovudføremålet er å læra meir om villreinen sine beitepreferansar og bruk av skogen. Prosjektet er ei oppfølging av <i>GPS-merkeprosjektet i Setesdal Austhei, 2006–2010, om villrein og arealbruk i Bjørnevatonnområdet</i>.</p> <p><b>4.3.2 TILTAK:</b> Avbøtande tiltak for å legga til rette for funksjonelle leveområde for villreinen. Tiltaka skal vera forankra i tilrådingar frå <i>GPS villreinprosjektet i Setesdal- Ryfylke, NINA rapport 1457</i>, og utformast i samråd med styringsgruppa for GPS prosjektet.</p>	2019: FK løyvd 100' eingongsløyving 2020: Agder FK og Vestfold og Telemark FK 50'*2 Arbeidsinnsats  2020 345' Miljødir. 355' FK  2021 – 2023 350 per år, FK Arbeidsinnsats	2020–2022  2020–2023	Universitetet i Søraust-Norge, avd.Bø. Villreinsenteret Sør, Skinnarbu er sekretariat.  Heiplansekretariatet i samråd med styringsgruppa for GPS prosjektet.

	<p>Miljødirektoratet har løyvd midlar frå det nasjonale programmet <i>Villreinfjellet som verdiskapar</i>. Dei føreset at kravet om minst 50% finansiering frå eigne eller andre midlar blir realisert.</p> <p><b>4.3.3 FORPROSJEKT:</b>  Vestland FK har løyvd kr.100.000 til forprosjektet <i>Effekten av klimaendringar på villreinstammen på Hardangervidda</i>. Forprosjektet er gjennomført. Det skal søkjast om midlar frå Forskningsrådet eit hovudprosjekt. Hardangervidda og Nordfjella er med. NINA ynskjer å inkludera Heiplanområdet i forskningsprosjektet om klimaendringar og villrein. Om Heiplanområdet blir med, inneber det at FK må inn med ein økonomisk innsats.</p>	<p>Arbeidsinnsats  Økonomi (?). Mogleg å søka Regionalt  forskningsfond om  midlar?</p>		<p>NORCE samarbeider med NINA.  Vestland FK er bindeleddet mellom  forskningsprosjektet og Heiplanen.</p>
4.4 Kunnskap om ryper	<p><b>4.4.1MOGLEG PROSJEKT:</b> Kvinesdal kommune samarbeider med Sira Kvina kraftselskap om å få setta i gong eit forskningsprosjekt på rype over same lesten som GPS merkeprosjekta på villrein.</p>			<p>Kvinesdal kommune  Sira Kvina kraftselskap</p>

## **GJENNOMFØRING AV HANDLINGSPROGRAMMET**

Fylkeskommunane som har vedtatt Heiplanen, og som er med i heiplanområdet har eit ansvar for å prioritera og sikra menneskelege og økonomiske ressursar til gjennomføringa av handlingsprogrammet. Det gjerast i samband med dei årlege budsjettetahandsamingane og økonomiplanlegginga i kvar enkelt fylkeskommune. Det må til mykje arbeidsinnsats for å få gjennomført handlingsprogrammet, jf. budsjettet 2020-2023. Det gjer at fylkeskommunane bør prioritera arbeidsressursar for å få gjennomført handlingsprogrammet.

### **Heiplansekreteriatet**

Dette er eit fagsekretariat, tidlegare kalla eit administrativt utval, med ein eller to fagpersonar frå kvar av fylkeskommunane.

Agder fylkeskommune leiar og koordinerer arbeidet til sekretariatet.

Vestfold og Telemark FK	Anne-Gro Ahnstrøm
Agder FK	Bjørg Hellem, leiar av sekretariet. Øystein Kristensen
Rogaland FK	Sissel Bakke
Vestland FK	Snorre Waage

Arbeidsoppgåver til sekretariatet:

Koordinera arbeidet med gjennomføring av handlingsprogrammet.

Deltaking i arbeidsgrupper

Etablera nye arbeidsgrupper

Deltaking i administrativt utval til verneområdeforvaltinga

Utfoma saker som krev politisk handsaming og godkjenning

## Eksisterande arbeidsgrupper

### PROSJEKTET: *Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell*

Prosjektet er eit fireårig prosjekt som vert avslutta ved årskiftet 2020/2021. SVR er prosjekteigar. Under er ein oversikt over arbeidsgruppene og deltakinga til FK.

Delprosjekt	FK deltaking i arbeidsgruppe
Delprosjekt 1 <i>Kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge</i>	
Delprosjekt 2 <i>Møteplass villreinfjellet</i>	Agder FK. Bjørg Hellem
Delprosjekt 3 <i>Villreinen og kulturarven</i>	Agder FK. Snorre Haukalid
Delprosjekt 4 <i>Sti- og løypeplanar, Adaptiv forvalting</i>	Agder FK. Øystein Kristensen

### PROSJEKTET: *GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Austhei og Brattefjell-Vindeggen*

Arbeidsgruppe 1 <i>Beite og bruk av skog</i>	
Arbeidsgruppe 2 <i>Bjørnevatn og ferdsel</i>	Agder FK. Øystein Kristensen. Han er i tillegg med i styringsgruppa
Arbeidsgruppe 3 <i>Brattefjell-Vindeggen</i>	

## Nye arbeidsgrupper

Det skal oppretta to nye arbeidsgrupper for å gjennomføra handlingsprogrammet 2020–2023, arbeidsgruppe *Kulturminne og kulturmiljø* og arbeidsgruppe *Berekraftig beitebruk*. Undevegs i programperioden kan det vera aktuelt å oppretta fleire. Arbeidsgruppene får ansvaret for å gjennomføra konkrete tiltak i handlingsprogrammet.

Arbeidsgruppe *Kulturminne og kulturmiljø*: Tiltak 4.1.1.

Arbeidsgruppe *Berekraftig beitebruk*: Tiltak 1.3.2 og 1.3.3.

## Budsjett 2020-2023

SATSINGSMÅRÅDE	PROSJEKT/TILTAK	2020	2021	2022	2023
<b>Bygde- og næringsutvikling</b>					
1.1 Tettstadutvikling	<b>1.1.1 TILTAK:</b> Oppretta ei regional stønadsordning for kommunane med areal i Heiplanområdet kalla Attraktive tettstader i bygdene.	1,4 mill. A	700' A	700' A	700' A
1.2 Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv som ressurs i reisemålsutviklinga og bygdeutviklinga	<b>1.2.1FORPROSJEKT:</b> Kartlegga og gjera ei vurdering av om det er mogleg å leggje til rette for historiske vandreruter mellom aust og vest.		A	A	
	<b>1.2.2 SVR -PROSJEKT:</b> Prosjektet skal utvikla ein brukarvenleg database med ei kartløysing med kulturminne og villrein som hovudtema	A			
	<b>1.2.3 FORPROSJEKT:</b> Forprosjektet <i>Kraftturisme</i> skal vurdera marknaden og reisemålsutvikling basert på opplevingar i kraftlandskapet.	A			
	<b>1.2.4 TILTAK:</b> Arrangera eit dialogmøte med reiselivsnæringa.		50' A		
1.3 Berekraftig beitebruk	<b>1.3.1 TILTAK:</b> Arrangera eit nettverksmøte saman med beitenæringa, forskinga- og verneområdeforvaltinga.	A			
	<b>1.3.2TILTAK:</b> Samla kunnskap og ein kunnskapsstatus om beitebruk, beitetrykk og beiteressursar i Heiplanområdet.		A		
	<b>1.3.3TILTAK:</b> Arrangera årlege dialogmøte med beitenæringa.		50' A	50' A	50' A
<b>Heilskapleg arealforvalting</b>					
2.1 Samarbeid, samsnakkning og samordning.	<b>2.1.1 TILTAK:</b> Arrangera årlege heiplansamlinger.	50' A	50' A	50' A	50' A
2.2 Samla og gjera kunnskap om heiplanområdet og Heiplanen lett tilgjengeleg	<b>2.2.1 FORPROSJEKT:</b> Forprosjektet skal vurdera behova og nytteverdien av å samla kunnskap, saksdokument med meir knytt til heiplanområdet i ein kunnskapsportal med ei kartløysing.		A	A	
<b>Kommunal planoppfølging</b>					
3.1 Planlegga og utarbeida ein plan for turløyper/stiar	<b>3.1.1 TILTAK:</b> Plan for turløyper barmark og snø i samanheng med utvikling av fritidsbustader og reiselivsanlegg som ligg i <i>omsynssone villrein</i> og/eller i område som ligg tett på <i>omsynssone nasjonalt villreinområde</i> .	A	A	A	A

3.2 Innarbeida omsynssonene i Heiplanen i kommuneplanane	<b>3.2.1 TILTAK:</b> Kommuneplanlegging	A	A	A	A
3.3 Bygde- og næringsutvikling	<b>3.3.1 TILTAK:</b> Kommuneplanlegging	A	A	A	A
<b>Kunnskapsbasert planlegging og utvikling</b>					
4.1 Kunnskap om kulturminne, kulturlandskap, kulturarv, kulturmiljø.	<b>4.1.1 TILTAK:</b> Registrera kulturminne og samla registreringane i <i>Askeladden.</i>	A	A	A	A
	<b>C14-dateringar av dyregraver</b>		28'	28'	28'
4.2 Kunnskap om friluftsliv	<b>4.2.1 TILTAK:</b> Arrangera ein arbeidsverkstad om kunnskapsbehova innan friluftsliv.		50' A		
4.3 Kunnskap om villreinen sin arealbruk <i>og</i> avbøtande tiltak	<b>4.3.1 PROSJEKT:</b> GPS- merkeprosjekt på villrein i Setesdal Austhei <i>og Brattefjell-Vindeggen, 2018–2022.</i>	A V/T FK 50' A FK 50'	A	A	
	<b>4.3.2 TILTAK:</b> Avbøtande tiltak for å legga til rette for funksjonelle leveområde for villreinen.	700' A	350' A	350' A	350' A
	<b>4.3.3 PROSJEKT:</b> Forskningsprosjekt på klimaendringar og villreinen sin arealbruk	A	A	A	A
<b>Sum</b>		<b>2.250.000</b>	<b>1.278.000</b>	<b>1.178.000</b>	<b>1.178.000</b>

## Finansieringsplan 2020–2023

	<b>Finansieringskjelde</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
1.1.1 TILTAK: Oppretta ei regional stønadsordning for kommunane med areal i Heiplanområdet kalla Attraktive tettstader i bygdene.	Miljødirektoratet FK	700' 700'	700'	700'	700'
1.2.4 TILTAK: Arrangera eit dialogmøte med reiselivsnæringa.	FK		50'		
1.3.3 TILTAK: Arrangera årlege dialogmøte med beitenæringer.	FK		50'	50'	50'
2.1.1 TILTAK: Arrangera årlege Heiplansamlingar.	SVR FK	50'	50'	50'	50'
4.1.1 TILTAK C14 dateringar av dyregraver	FK		28'	28'	28'
4.2.2 TILTAK: Arrangere ein arbeidsverkstad, kunnskapsbehov innan friluftsliv.	FK		50'		
4.3.1 PROSJEKT: GPS-merkeprosjekt på villrein i Setesdal Austhei og Brattefjell-Vindeggen, 2018–2022.	Vestfold og Telem. Agder FK	50' 50'			
4.3.2 TILTAK: Avbøtande tiltak, funksjonelle leveområde for villreinen.	Miljødirektoratet FK	345' 355'	350'	350'	350'
<b>Sum</b>		<b>2.250.000</b>	<b>1.278.000</b>	<b>1.178.000</b>	<b>1.178.000</b>

<b>Finansieringskjelder</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
<b>Fylkeskommunane</b>				
Rogaland FK	200.000	392.000	360.000	363.000
Agder FK	250.000	392.000	360.000	364.000
Vestfold og Telemark FK	250.000	392.000	360.000	363.000
Vestland FK	55.000	50.000	50.000	50.000
<b>Sum FK-ane</b>	<b>755.000</b>	<b>1.226.000</b>	<b>1.130.000</b>	<b>1.140.000</b>
<b>Andre</b>				
Ubrukte statlege midlar frå Heiplanarbeidet. Per april 2020 står det att kr. 538'	400.000	52.000	48.000	38.000
Miljødirektoratet i 2020 til to øyremarka tiltak: tettstadutvikling og oppfølging av GPS- prosjektet. Føresetnad 50 % eigenfinansiering frå fylkeskommunane.	1.045.000			
SVR	50.000			
<b>Sum andre finansieringskjelder</b>	<b>1.495.000</b>	<b>52.000</b>	<b>48.000</b>	<b>38.000</b>
<b>Sum</b>	<b>2.250.000</b>	<b>1.278.000</b>	<b>1.178.000</b>	<b>1.178.000</b>